



Ekteparet Kaland var som andre svært fornøgte med jassen

### Maken til musikk, maken til stemning!

Det skreiv Bergenparet Sigrid og Peter Einar Kaland i natt i gjesteboka på Bøkkerverkstaden etter å ha vore på ein bøkkerveld for fyrste gongen. Dei var som alle andre svært imponert over dei 5 jazzmusikarane sin standard og Kjell Borge Olsen, Leif Henrik Olsen, Alex Grieg, Bjarne Øymyr og Are Ovesen har grunn til å vera nøgd med kvelden som var ei stor oppleving for alle jazzfrelste.



Jazzkvintetten imponerte

Ein treng sanneleg ikkje å reisa til Brasil for å oppleve The girl from Ipanema!  
Bøkkerveld nummer 17 i suveren regi av Kristian Bringedal vart vellukka også fordi oppslutnaden vart god etterkvart. 50 var benka i verkstaden før det opna på brygga med presentasjon av den fine motorskøyta til Arne Møller og Runar Myklebust som dei håpar skal vera ferdig restaurert til neste påske. Då skal Forthuna vera ført attende til rundt 1970 i utsjånad. Møller har allereie gjort ein stor restaureringsjobb.

Eit høgdepunkt til på brygga var det då den lokale eldsjel i bevaring av sjøfartsminne Harald Sætre fekk byggeskiltet frå DS Aalvik som er funne på ein bossdunge på Karmøy etter at båten vart ombygd der. Sætre tok begeistra imot skiltet og opplysar til uskedalen.no at det vil bli plassert i Sandviken der veteransklaget har sin samling. Men båten møtte sin skjebne i Nord-Trøndelag der han var frakteskute på slutten etter å vera seld av HSD i 1962.

Pedagog Bringedal hadde fleire interessante innstikk i programmet. Eit handla om leverandøren av lubbesilda som sjølv sagt var hovudingrediens på menyen også denne gongen. Hjønnevåg gjer det kanskje betre enn nokon her er klår over med leveranser landet rundt. Bringedal hadde vidare ein historisk orientering om verkstaden som han gjerne må gjenta kvar gong. I eit tredje innlegg var grunnlovsjubileet temaet hans,

Bålbrenninga ved midnatt vart fornuftig nok avlyst.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Skiltet er gjeve til Sætre. Møller til høgre og Bringedal til venstre